



SAKSHANDSAMAR
Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.
17/01413-2

ARK. P - Plansaker
267,269,272 Lindås kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO
28.06.2017

VÅR DATO
21.07.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Knarvik-Alversund, Lindås kommune - kommunedelplan og planprogram. Innspel frå Riksantikvaren

Vi syner til oversending av 28.6.2017. Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av kommunedelplan og høyring av planprogram for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, Lindås kommune, gjeld Alversund mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 83775-4. Mellomalderkyrkjestaden med sikringssone er eit automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan - og bygningslova, og skal gi ein samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga.

Alversund kyrkjestad

Innanfor planområdet ligg Alversund mellomalderkyrkjestad. Den eldste kyrkja var truleg ei stavkyrkje. Denne vart, sannsynlegvis i 1629, erstatta med ei tømmerkyrkje. Noverande kyrkje erstatta tømmerkyrkja i 1879, og den nye kyrkja vart reist like søraust for den gamle.

Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørlig skjemmande, jf. kulturminnelova § 3.

Vårt innspel på dette stadiet er generelt. Vi vil påpeike at den mellomalderske kyrkjestaden er eit kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps - og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

For å synleggjere at den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne, skal det visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av Alversund mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden, id nr. 83775-4.

Denne teksten bør tas med i føresegnene til kommuneplanen for Alversund mellomalderkyrkjestad:

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Vi ber om at våre merknader vert innarbeida i fylkeskommunen si fråsegn til planprogrammet.

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent